

Foreldremøte, 3. steg, Spildepollen skule, 3.9.25

Hei, her kjem referat frå klasseforeldremøtet:

1. Mitt val aktivitet; Sei noko fint til naboen din. For å løyse på stemninga og verte betre kjent med foreldra i klassen.
2. Klasse og skule miljø: Vi jobbar heile tida med å ha eit godt miljø og sosialtrening. Vi har leiketime kvar 3. onsdag, hjelpesona i storefri og veslefri, vi har fleire vaksne i garderoben på veg ut og inn. Smart oppvekst= bidrar til robuste barn som taklar det livet har å tilby i medgang og motgang. Kvar månad er det eit nytt sosialt mål. Vi har hatt omsorg, no er det samarbeid i september. Sosialt mål elevane arbeider mot. Fungerer veldig!
Nye Skulereglar for alle skulane i Øygarden frå mai-25.
Snakka om daglege rutiner på steget.
3. Læringsplanen:
- er flott som den er, det er nok info på den og den er oversiktleg.
Gym: elevane tek med gymsko og t-skjorte til gymmen framover, så går me over til dusjing til våren.
Uteskule: me er ute kvar torsdag,vert ikkje utesymjing enno, det manglar eit kurs. Me kjem tilbake med info om kkortid utesymjinga startar.
Lekser: lesing kvar dag, engelsk lesing ein gong i veka frå haustferien.
4. Skule-heim samarbeid: alle har lav terskel for kontakt, både føresette og skulen. God kommunikasjon mellom kontaktlærer og føresette. Alle nøgde med det. Meldingar i Vigilo vert lest før 08.00, om de er seinare ute med ei melding, ring skulen.
5. Val av klassekontakt og vara: Laila Karin fortset som klassekontakt og Carina som vara.
6. Eventuelt: klassen planlegg tur til museum i haust.

Oppmøte: føresette til 17 elevar på steget.

ref: Sølvi Bakke